



Aukra kommune

Reguleringsføresegner	
Planmanm:	Reguleringsplan for Horremleira friluftsområde
Type plan:	Detaljregulering
Planid:	1547201110
Datert:	23.08.2016
Sist revidert:	08.11.2016 (endring er markert med raud skrift)
Vedtaksdato:	Vedteken i Kommunestyret xx.xx.xxxx under sak xx

BILDE

§ 1 Føremål

§ 2 Generelt

§ 2.1 Planavgrensing

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som er vist på plankartet med planavgrensing. Innanfor disse grensene skal areala nyttast slik som arealføremåla på plankartet og føresegnene fastset.

§ 2.2 Terrenginngrep

Nødvendige inngrep i terreng skal utførast på ein slik måte at eksisterande og naturleg vegetasjon så langt det seg gjere vert bevart. Alle skjeringar og fyllingar skal få ei utforming og overflate som dempar den visuelle effekten av inngrepa.

§ 2.3 Universell utforming

Prinsippa for universell utforming skal, så langt som råd, leggest til grunn innanfor reguleringsføremåla ved utforming av alle trafikkanlegg, uteopphaldsareal m.m. Ut over dette gjeld universell utforming av byggverk slik det er nedfelt i Plan- og bygningslova og byggtknisk forskrift, TEK 10.

§ 2.4 Kulturminne

Dersom det under arbeid i området kjem fram gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og kulturvernmyndene i fylkeskommunen kontaktast, jf. lov om kulturminne.

§ 2.5 Støy

For utandørs støynivå skal prinsipp og støygrenser i Miljøverndepartementet sine retningslinjer T-1442, eller seinare vedtekne forskrifter/retningslinjer som erstattar desse, leggest til grunn.

§ 2.6 private avtaler

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med føresegnene.

§ 2.7 Eventuell endring av vedteken plan

Vesentlege avvik frå plankart og føresegner skal som hovudsak skje gjennom reguleringsendring, jfr. PBL § 12-14. Kommunen kan, når føresetnadene er til stades, gi dispensasjon frå planen i medhald av PBL § 19.

§ 3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

§ 3.1 Veg (V1)

Fylkesveg 217 (Horremsvegen), vist med reguleringsbreidd på plankartet.

§ 3.2 Køyreveg (KV1)

Eksisterande grusveg som fungerer som primær tilkomstveg til planområdet, og vist med reguleringsbreidd på plankartet.

§ 3.3 Parkering (P1, P2)

P1 er ein eksisterande parkeringsplass som ligg i enden av køyrevegen, og ved eksisterande toalettbygg. Parkeringsplassen kan utvidast som vist på plankart for å dekkje eit aukande behov for parkeringsareal i området. Parkeringsplassen skal opparbeidast med grus, og utformast etter krava om universell utforming (utforming av produkt og omgivnader på ein slik måte at dei kan nyttast av alle menneske, i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for tilpassing eller ei spesiell utforming).

Det kan etablerast ein parkeringsplass (P2) ved starten av turvegen i aust som vist på plankart, dette for å lette tilgangen til kvernhuset i samband med nødvendig vedlikehald. Parkeringsplassen skal opparbeidast med grus, og utformast etter krava om universell utforming. Parkeringsplassen skal ha ein minsteavstand på 6 meter frå kantlinja til fylkesveg 217 (Horremsvegen).

§ 3.4 Annen veggrunn (AVT)

Føremålet omfattar areal som naturleg hører til vegen, som grøft, skjering, fylling samt nødvendige tekniske installasjonar og liknande.

Føremålet er og nytta saman med føremål veg for å kunne vise frisiktlinjene i si fulle utstrekning.

§ 4 Grøntstruktur

§ 4.1 Naturområde (N1 – N4, GS)

Føremålet omfattar eksisterande naturområde som skal vidareførast gjennom planforslaget. Eksisterande vegetasjon innanfor desse områda skal bevarast.

Framande treslag og planteartar kan fjernast i samråd med kommunen og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

§ 4.2 Friluftsområde (FRI)

Føremålet omfattar eksisterande friluftsområde som blir nytta til sesongbaserte leik- og friluftaktivitetar, og som blir vidareført gjennom planforslaget.

Eksisterande vegetasjon innanfor desse områda skal bevarast. Framande treslag og planteartar kan fjernast i samråd med kommunen og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Det er tillatt med mindre tiltak som fremjer området sin bruk som friluftsområde som til dømes grill eller bål plass. Dersom tilgrensande parkeringsplass (P1) vert utvida, skal det oppførast gjerde og/eller andre tiltak som klart avgrensar føremåla, og samstundes ivaretek tryggleiken til dei som nyttar friluftsområdet.

Det kan oppførast eit tilbygg til den eksisterande gapahuken. Dette tilbygget skal kun nyttast til oppbevaring av reiskap nødvendig for skjøtsels- og vedlikehaldstiltak innanfor planområdet, og skal ikkje vere større enn 10 m².
Tilbygget skal oppførast i same stil som eksisterande gapahuk.

§ 4.3 Turveg/køyreveg (TV/KV)

Turvegen skal gå langs Bakkelva frå teltet ved friluftsområdet, forbi kvernhuset og vidare opp til fylkesveg 217 (Horremsvegen) som vist på plankart. Turvegen skal opparbeidast med grus, og utformast etter krava om universell utforming. Langs turvegen kan det etablerast rasteplass med benkar og/eller snuplass for rullestol om naudsynt.

Det er kun tillate med køyring på strekninga frå krysset ved fylkesveg 217 og fram til parkeringsplassen P2, vist på plankartet med det kombinerte formålet «angitte samferdselsanlegg og/eller teknisk infrastrukturtraseer kombinert med andre gitte hovedformål».

§ 5 landbruks- natur og friluftsføremål

§ 5.1 Vern av kulturminner og kulturmiljø (KMV)

Føremålet skal sikre vern av kvernhuset i Bakkelva som er eit nyare tids kulturminne. Ved arbeid i området skal det visast særleg varsemd slik at bygninga ikkje kjem til skade. Alle endringar av eksisterande situasjon skal

konsulterast med fagkunnige i kommunen og antikvarisk mynde ved Møre og Romsdal fylkeskommune.

§ 5.2 Landbruk

Føremålet viser eksisterande landbruksområde som skal vidareførast gjennom planforslaget. Oppføring av bygningar eller anlegg, graving og fylling, eller andre tiltak som endrar karakteren av området er ikkje tillate. Dersom beiting er ønskeleg, må det visast særleg varsemd med inngjerding og/eller andre tiltak som hindrar at dyr rømmer.

§ 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner

§ 6.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner (BVS, BVV)

Føremålet BVS skal sikre berekraftig bruk og vern av stranda og strandsona i Horremsbukta i kombinasjon med omsynssone H560 (omsynssone for bevaring av naturmiljø).

Området kan nyttast til bading og andre friluftaktivitetar knytt til sjø, og ein kan etablere tiltak som fremjer bruken til føremålet, så lenge disse ikkje er permanente, eller på nokon annan måte til skade for dei registrerte naturverdiane i området.

Føremålet BVV skal sikre berekraftig bruk og vern av Bakkelva. Dersom eksisterande forureiningssituasjon vert utbeta, kan det utførast tiltak ved elvebreidda og elvebotnen som gjer at det vert betre forhold for gytande fisk.

§ 8 Omsynssoner

§ 8.1 Frisikt

På plankartet er det vist frisiktlinjer. I området mellom frisiktlinjene og trafikkområda, skal det ikkje plantast eller plasserast noko slik at fri sikt vert hindra (maks høgde 0,5 meter over tilliggande veg). Enkeltstående tre, stolpar og liknande, som ikkje er sikthindrande, kan stå innanfor frisiktlinjene. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar vert fjerna.

Eksisterande sitkagran som ligg innanfor frisiktlinjene i krysset mellom tilkomstvegen (KV1) og fylkesveg 217 (V1) skal fjernast for å oppretthalde krava til frisikt.

§ 8.2 Bestemmelsesområde – automatisk freda kulturminne

Innanfor området vist som bestemmelsesområde med bestemmelsesgrense på plankartet er det registrert automatisk freda kulturminne i form av tre kokegroper (ID 160301). Det er gitt løyve til inngrep i freda kulturminne utan vilkår om vidare undersøking etter kulturminnelovas § 8, fjerde ledd, jf. brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune datert 27.11.2012.

§ 8.3 Bevaring av naturmiljø (H560)

Innanfor H560 må viktig naturtype sand- og grusstrand, og karplanter av særleg stor forvaltingsinteresse bevarast. Område kan nyttast til bading og andre fritidsaktiviteter knytt til sjø.